



H. Sandvik AS
Galteråsen 4
5916 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2400 - 16/2230

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
05.02.2016

Godkjenning- Søknad om løyve til tiltak oppføring av gråsteinsmur på gbnr 22/220

Administrativt vedtak. Saknr: 34/2016

SAKSUTGREIING:

Omsøkt tiltak:

Eigar av gbnr 22/220 har i søknad journalført 26.11.2015 søkt om oppføring av mur i gråstein som skal plasserast foran eksisterande forstøtningsmur i naturstein. Ny mur er oppgitt til å vera 2,0 meter på det høgaste (nordre enden) og 1 meter på det laveste, muren skal oppførast 15-35 cm frå eksisterande mur og utførast i gråstein.

Planstatus:

Eigedommen er avsatt til frittliggjande småhusbusetnad (byggjeområde B12) i reguleringsplanen for Mjåtveitmarka (planid. 125620060002). Omsøkt tiltak er i samsvar med dette planføremålet. Eigedommen har ei byggegrense mot veg, og forstøtningsmuren er plassert utanfor denne byggegrensa. Omsøkt tiltak er for å rette opp eksisterande mur og gjere den estetisk betre, dei vurderingane som er gjort i forhold til byggegrense når eksisterande mur blei godkjent vurderer administrasjonen som ivaretatt også ved nytt tiltak.

Tiltakshavar må påsjå at frisikt vert haldt og at muren ikkje kjem i konflikt med leidningar og lysstolpe i vegkanten. I tillegg må avstand mellom mur og vegkant vera tilfredstillande i forhold til vedlikehald og brøyting av vegen (minimum 1 meter).

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Nabovarsel:

Tiltaket er nabovarsla i perioden 17.11 til 18.11.2015. Kommunen vurderer at naboane er tilstrekkeleg varsla ved tilsending av teikning av mur og opplysning om at tiltaket krev dispensasjon. Nabovarslinga vert etter dette rekna som tilstrekkeleg etter pbl § 21-3.

VURDERING:

Utforming, høgde, plassering og utsjånad av forstøtningsmur:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagte teikningar og situasjonskart stempla godkjent 5.2.2016. Muren skal utførast i gråstein, plassert utanfor eksisterande mur, som opplyst i søknaden.

Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket med dette stettar Plan- og bygningsloven sine krav til utforming, funksjon, utsjånad i §§ 29-1 – 29-2.

Godkjenning av ansvarsrettar:

<u>Føretak:</u>	<u>Godkjenningsområde:</u>
H. Sandvik AS Org. Nr: 989482920 Sentral godkjenning	SØK, Ansvarleg søkjar, tkl 1 PRO, Prosjektering av konstruksjonssikkerhet, tkl 1 UTF, Grunnarbeid og landskapsutforming, tkl 1

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 løyve til oppføring av forstøtningsmur på gbnr 22/220, jf søknad journalført 26.11.2015. Plassering av muren skal vera som vist på situasjonskart stempla godkjent 5.2.2016 og utførast i samsvar med teikningar stempla same dato.

- Tiltakshavar må påsjå at frisikt vert haldt og at muren ikkje kjem i konflikt med leidningar og lysstolpe i vegkanten. I tillegg må avstand mellom mur og vegkant vera tilfredstillande i forhold til vedlikehald og brøyting av vegen (minimum 1 meter).

Dei opplysningar om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova. Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at dispensasjon og byggjeløyvet vart gjeve, fell løyvet bort, jf pbl § 21-9. det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år.

Tiltaket skal utførst i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framt ikkje anna er bestemt ovanfor».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
22220

Mottakere:

H. Sandvik AS

Galteråsen 4

5916

ISDALSTØ